




# Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



## Hegglund - Låtveit

Hegglund ligg på Fjedlet, langs vegen mellom Hjelmeland og Vormedalen.

fram til etter andre verds krig. Frå Låtveit er det merka sti vidare til både Skomakarnibbå og Hagalid.

Frå P-plass ved Hegglandsvegen til Låtveit: ca 1 time  
Høgdeforskjell: ca 200 m



Låtveit. (Foto: Eldfinn Austigard)

Første del av turstien går langs bilveg opp til øvste garden på Hegglund. Her går du gjennom gardstunet og held fram på skogsveg oppover lia. Siste del av stien går gjennom litt myrlendt terreng så det kan vera lurt å sko seg med tanke på dette.

Låtveit var husmannsplass under Hagalid. Det budde folk her heilt



Låtveit. (Foto: Eldfinn Austigard)